

Radøy kommune
v/ Tore Rikstad

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/737 - 14/3464

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
02.04.2014

Byggesak Gbnr 45/432 Manger - Brakkerigg - søknad om løyve - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 073/2014

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-2

Adresse : **Idrettsvegen 2A**
Tiltakshavar : **Radøy Kommune, Teknisk drift**

Tiltak

Saka gjeld søknad om mellombels oppføring av brakkerigg med bruksareal (NS 3940) opplyst til å vere på ca. 75 m².

Det vert elles vist til søknad mottatt 14.03.2014.

Saksutgreiing:

Planstatus

Tiltaket ligg innafor kommunedelplan for Manger, planid. 12602007000700, med arealformål offentlig bygning og reguleringsplan for Manger sentrum, planid. 12602007000800, med arealformål annan veggrunn. Reguleringsplanen går føre kommunedelplanen.

Dispensasjon

Det er i sak 06/14, datert 29.01.04 gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med følgjande vedtak:

29.01.2014 HOVUDUTVAL FOR PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

PLT-006/14 VEDTAK:

Det vert gjeve mellombels dispensasjon for plassering av brakkerigg på følgjande vilkår:

1. *Dispensasjonen gjeld i inn til fem år frå vedtakstidspunktet*
2. *Dispensasjonen føresett at Statens Vegvesen gjev dispensasjon frå avstand vegmidte fylkesveg 409.*
3. *Det må søkjast om byggjeløyve etter plan- og bygningslova. Endelig plassering av brakkeriggen vært å godkjenne i byggesaka.*
4. *Det må søkjast om tilkopling til kommunalt vass- og avlaupsanlegg før det kan gjevast byggjeløyve.*
5. *Ved framtidige tiltak knytt til fylkesveg som kjem i konflikt med brakkeriggen fell dispensasjonen bort og brakkeriggen skal flyttast.*

Grunngjevinga går fram av saksframstillinga.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2 jfr § 12-4, og naturmangfaldslova §§ 8-12



Uttale frå annan styresmakt

Det ligg føre dispensasjon på vilkår frå Statens vegvesen ang. byggjegrænse mot fv. 409. Det er gjeve dispensasjon for mellombels plassering av brakkerigg med ein avstand på 16 meter frå vegmidte til næraste bygningsdel på gnr. 45 bnr. 432 i Radøy kommune.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering er vist i situasjonsplan datert 12.03.14. Avstand til nabogrense er opplyst å vere større en 4 meter. Minste avstand til anna bygning er 8 meter.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 16 meter. Vegstyresmakta har den 06.03.14 gjeve dispensasjon til plassering 16 meter frå offentleg veg.

Tilkomst, vatn og avløp

Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk og kommunalt avløpsanlegg. Før arbeida tek til må det søkjast om tilknytning til offentleg vassverk og kommunalt avløpsanlegg. Det må i tillegg søkjast om ansvarsrett for rørleggjararbeida.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK10).

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 14.03.14 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

VURDERING:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-2 vert det GODKJENT mellombels oppføring av brakkerigg som vist i søknad av 14.03.14. på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner, jf plan- og bygningslova § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Vilkår sett i dispensasjonsvedtak 006/14 skal etterkomast.
4. Tiltaket er søkt om og godkjent etter pbl. §20-2 c, som gjev løyve for plassering inntil 2 år.
5. Det må søkjast om ansvarsrett for rørleggjararbeida for tilknytning til offentleg vass- og avlaupstilknytning.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 10.3.1	Basisgebyr	kr	5 300,00
SUM		kr	5 300,00

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Når arbeida er å sjå på som ferdige skal tiltakshavar skriftleg rapportere dette til kommunen på eige skjema. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Dokumentasjon for byggverket si plassering på tomta skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest vert utskrive.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/737

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Radøy kommune

v/ Tore Rikstad